



SULDAL KOMMUNE
Eidsvegen 7
4230 SAND

Kontakt saksbehandlar

Julie Jacobi Jonstrup, 51 56 88 29

Løyve til deponering av 17 000 m³ reine massar på Velaskaret deponi

Vi syner til søknad om løyve 02.09.2022 og anna korrespondanse i saka.

Statsforvaltaren gir, i samsvar med forureiningslova § 11, jf. § 16, løyve på visse vilkår til Suldal kommune til deponering av inntil 17 000 m³ reine massar på Velaskaret deponi.


Bakgrunn

I samband med bygging av ny sjukeheim på Sand i Suldal, er det naudsynt med ein plass å deponere reine massar frå rivinga av eksisterande sjukeheim, samt massar frå byggetomta som vert vurdert naudsynte å skifte ut. Massane frå rivinga er inerte betongmassar (kor armering er fjerna) og teglstein. Dette er i samsvar med krava til gjenbruk i avfallsforskrifta §§ 14A-4 og 14A-5. Massane som skal deponerast er primært reine lausmasser med mykje finpartikulært innhald, som sand, silt og leire.

Velaskaret deponi

Velaskaret deponi er registrert i Grunnforurensning med lokalitets ID 3790 (Figur 1). Det var i drift frå 1977 som kommunalt deponi til løyvet blei trekt i 1994. Det blei gitt løyve til Suldal kommune til avslutting, lukking og etterdrift av deponiet. Velaskaret deponi er lokalisert i eit skar ned mot Sandsfjorden. Fyllinga ligg i øvste delen av skaret og dekkjer i dag eit areal på om lag 10 da. Det er deponert totalt om lag 30 000 tonn avfall i fyllinga.


Sigevatnet frå fyllinga blir samla opp i ein sperredam og leda i lukka leidning til 30 m djupne i Velabukta (i Sandsfjorden). Sjølv om overvatnet blir leda utanom fyllinga, blir det blanda med sigevatnet nedstraums fyllinga og fanga opp av sperredammen. Nedslagsfeltet til det vatnet som blir samla opp i sperredammen er 275 da, mens arealet til fyllinga altså berre er 10 da. Brorparten av vatnet som renn ned i sperredammen er såleis overflatevatn frå områder rundt fyllinga.



Figur 1 Viser Velaskaret fylling inntekne på kart i Grunnforurensning med gnr/bnr

Deponering av massar

Deponeringa er tenkt som ei vidareføring av noverande fylling, dvs. at eksisterande fylling vert forlenga (Figur 2). Fylling med fyllingsfot (1:1,5) skal halda seg utanfor 100-metersbeltet langs sjø. Areal for fylling vert om lag 1372 m², og fyllingsfoten vil ha eit areal på om lag 2163 m². Samla sett vil tiltaket få eit areal på 3535 m².



Figur 2 Viser tenkt deponering av reine massar frå sjukehusomtata i grønt

Statsforvaltaren si vurdering

Området der det er planlagt deponering av reine massar, er gammal nedlagt kommunal fylling. Sigevatnet blir samla opp i ein sigevassdam. Det er sett vilkår om at denne må være dimensjonert for ytterlegare deponering av massar. Sidan fyllinga er nedlagd, krev deponeringa av reine massar frå sjukehusomtata eige løyve frå forureiningsmyndigheten.



Statsforvalteren har vurdert søknaden på bakgrunn av forurensningsmessige ulemper ved tiltaket sammenholdt med de fordeler og ulemper tiltaket for øvrig medfører, jf. forurensningsloven §§ 11 og 16. Vurderingstemaet suppleres av kravene i vannforskriften §§ 4-6, og kravene i naturmangfoldloven § 7 om at prinsippene i naturmangfoldloven §§ 8-12 skal legges til grunn som retningslinjer ved skjønnsutøvelsen etter forurensningsloven.

Naturmangfoldloven

Naturmangfoldloven krever at beslutningar også skal vere begrunna ut frå hensynet til naturmangfaldet der dette er relevant. Beslutning skal enten vere basert på vitenskapelig kunnskap eller dersom dette ikkje finnast, på føre-var-prinsippet. Naturmangfaldet gjeld arters bestands-situasjon, naturtypers utbredelse, økologiske tilstand og effekten av påvirkningar. Kravet til kunnskap skal stå i et rimeleg forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Vannforskriften

Vannforskriften fastsett miljømål for vannførekomster og inndelar vannførekomstene i fem tilstandsklasser. Miljømåla i vannforskriften §§ 4-6 inneberer at tilstanden i vannførekomstene skal vere beskytta mot forringing, og forbedrast med mål om å oppnå god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand. Dersom tiltaket fører til at vannførekomsten Sandsfjorden som er en nasjonal laksefjord, endrer tilstandsklasse i negativ retning, vil det føreligge ein forringing. Miljømål skal nås, og forringing er ikkje tillete med mindre vilkårene for å gjøre unnatak er oppfylt, jf. vannforskriften § 12. Statsforvalteren har derfor vurdert om kravene i vannforskriften er til hinder for å gi løyve etter forurensningslova.

Vurdering – fordeler og ulemper

Massar til deponering er primært reine lausmassar med mykje finpartikulært innhald, som sand, silt og leire. Nærmaste godkjente deponi er på Toraneset hos Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS.

Dersom det er andre alternativ, er det ikkje ynskeleg å fylle opp deponia i Norge med reine lausmassar.

Det er ingen opplysningar om bekken frå Velaskaret deponi ned til fjorden. Statsforvaltaren vurderer likevel at forureiningsfaren ved å deponerer reine massar frå sjukeheimstomta i forlenginga av gamla Velaskaret deponi, er minimal. Sigevatnet vil bli ført til sperredam som skal halde tilbake partiklar, vannet førast til lukka leidning som endar på 30 meters djupne i fjorden og utsleppet skal overvakast.

På bakgrunn av arbeidets omfang, planlagt utføring og arbeidets lengde, meiner Statsforvalteren at dette tiltaket, utført i samsvar med fastsette vilkår, utgjer en liten risiko for forringing av miljøtilstanden i vannførekomsten som heilhet, jf. miljømålet i vannforskriften § 4.

Vedtak

I samsvar med forureiningslova § 11, jf. § 16 gir Statsforvaltaren løyve på visse vilkår til Suldal



kommune. Løyve gjeld deponering av inntil 17 000 m³ reine massar frå sjukeheimstomta på Sand, på Velaskaret deponi.

Vilkår:

1. Løyve omfattar deponering av inntil 17 000 m³ massar frå lokaliteten sjukehustomta på Sand i Suldal kommune
2. Heile fyllinga, inkludert område for deponering av massar frå sjukehustomta, må være regulert til deponi
3. Før deponering må det undersøkast om sperredam er dimensjonert for ytterlegare avrenning frå 17 000 m³ finpartikulære massar. Leidninga og utsleppspunktet må dokumenterast. Undersøkinga skal summerast opp i eit notat som skal godkjennast av Statsforvaltaren før deponeringa startar opp.
4. Bekkeløp gjennom Velaskaret skal ikkje slemmast ned.
5. Det må utarbeidast ein miljørisikovurdering som skal godkjennast av Statsforvaltaren før arbeidet startar opp.
6. Deponeringa må skje slik som det er beskrive i søknad.
7. Fyllinga må være stengt av med bom el. liknande
8. Det er ikkje lov på deponere nye massar på gammal fylling
9. Det skal ikkje gjerast tiltak i gammal fylling
10. Tiltaket skal registrerast i Grunnforurensning seinast 3 månader etter at tiltaket er ferdig.
11. Utsleppet til sjø skal overvakast. Vassprøvane skal analyserast for suspendert stoff. Første prøve skal takast før deponering startar og siste prøve skal takast 3 månader etter at arbeidet er fullført. Når arbeidet pågår skal det takast vassprøve kvar månad. Analyseresultatet sendes Statsforvaltaren

Klage

Vedtaket blir gjort utan høyring, jf. forureiningsforskrifta § 36-9 andre ledd bokstav b) om unntak frå førehandsvarsel. Vedtaket kan likevel klagast på til Miljødirektoratet av partar i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 ukar frå melding om vedtaka er komma frem eller frå vedkommande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ei eventuell klage skal angi kva det vert klagd over og den eller dei endringane som ein ynskjer Klaga bør grunngjevast og andre opplysningar av betydning for saka bør nevast. Klaga skal sendast til Statsforvaltaren.



Løyve vil bli etterkunningjort på Statsforvaltaren si heimeside.

Varsel om gebyr

Statsforvaltaren er pålagd å ta gebyr for vår behandling av blant anna søknader om løyve etter forureiningslova, jf. forureiningsforskrifta § 39-3. Vi varslar med dette fastsetjing av gebyr på kr 10 500,- for vår behandling av denne saka, jf. forureiningsforskrifta § 39-4.

Eventuelle merknader til varsel om gebyr skal sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at dette brev er motteke.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen (e.f.)
fylkesmiljøvernsjef

Julie Jacobi Jonstrup
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent